


Nasjonale minoritetsspråk og kommunane

- ein rettleiar frå Språkrådet



Språkrådet

Innhold

Om rettleiaren

3

Slik bruker du rettleiaren

5

Del 1: Bakgrunn

6

Nasjonale minoritetar og nasjonale minoritetsspråk

6

Regelverk og rettar

7

Del 2: Kommunale sektorar

8

Legekontor og helsestasjonar

10

Eldreomsorg

12

Barnehage

14

Grunnskule

16

Vidaregåande opplæring og ungdom

18

Bibliotek

22

Kulturtilbod og miljø i kommunar med nasjonale minoritetar

24

Del 3: Meir informasjon og fleire ressursar

26

Liste over merkedagar

27

Språkrådet
språkradet.no

Redaksjonen avslutta desember 2025.

Kontakt Språkrådet om de ønskjer
fleire eksemplar.

Brosjyren er tilgjengeleg på nynorsk
og bokmål.

Design og illustrasjon:
Anagram Design

Om rettleiaren

Noreg har tre nasjonale minoritetsspråk: kvensk, romani og romanes. Dette er språka til høvesvis kvenar/norskfinnar, romanifolk/taterar og romar. Språka deira har rett til særleg vern etter det nasjonale lovverket og internasjonale konvensjonar, og det følgjer med særlege plikter for offentlege organ.



Etter språklova § 1 skal offentlege organ ta ansvar for å verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka. I denne rettleiaren får kommunetilsette konkrete råd om korleis dei kan arbeide for å verne og fremje desse språka og gjere dei synlege blant innbyggjarane.

Rettleiaren tek ikkje for seg arbeid med samiske språk (som har status som urfolksspråk), norsk teiknspråk eller andre minoritetsspråk.

Rettleiaren er bygd opp slik:



Del 1: Bakgrunn



Del 2: Kommunale sektorar

- a) Legekontor og helsestasjonar
- b) Eldreomsorg
- c) Barnehage
- d) Grunnskule
- e) Vidaregåande opplæring og ungdom
- f) Bibliotek
- g) Kulturtilbod og miljø i kommunar med nasjonale minoritetar



Del 3: Meir informasjon og fleire ressursar

Ulike kommunale sektorar har fått kvart sitt kapittel. Kvart av desse kapitla blir innleidde med litt informasjon om forholdet mellom dei nasjonale minoritetsspråka og den kommunale verksemda. Vidare kjem ein omtale av arbeid med minoritetsspråk i ein tenkt «modellkommune», og nokre punkt til refleksjon om korleis kvar kommune kan arbeide med nasjonale minoritetsspråk.




Modellkommune

Med «modellkommune» meiner vi her ein (tenkt) kommune som arbeider systematisk for å gjere nasjonale minoritetsspråk synlege og inkludere dei nasjonale minoritetane. I teksten skildrar vi altså ikkje ein eksisterande modellkommune, men eit ideal.

Slik bruker du rettleiaren

Du kan lese berre det kapittelet som er direkte relevant for ditt eige arbeid, eller du kan lese heile rettleiaren for å få eit breiare blick på feltet.

Vi håpar at rettleiaren vil bli brukt som idébank og i planarbeid, og at spørsmåla som blir tekne opp, kan vere med på å skape gode diskusjonar om vern og støtte av dei nasjonale minoritets-
språka i Noreg.



Del 1: Bakgrunn

Nasjonale minoritetar og nasjonale minoritetsspråk

Noreg har fem nasjonale minoritetar: kvenar/norskfinnar, skogfinnar, jødar, romanifolk/taterar og romar. Tre av desse minoritetane har språk som har status som nasjonale minoritetsspråk: kvensk, romani og romanes.

Kvensk er språket til kvenane/norskfinnane. Språket er i nær slekt med finsk og minoritetsspråket meänkieli, som blir brukt i Tornedalen i Sverige. Det viktigaste geografiske området for kvensk er Troms og Finnmark, men ettersom kvenar/norskfinnar bur i heile landet, er språket til stades i mange andre delar av landet også. Det er ikkje kjent kor mange som talar kvensk, men det er truleg under 10 000.

Romani er språket til romanifolket/taterane. Det stammar frå språket til ei folkegruppe som kom til Norden på 1500-talet. Språket i dag er sterkt påverka av norsk i ordtilfanget og strukturen. Ettersom romanifolk/taterar er spreidde over heile landet, har ikkje språket noko tydeleg geografisk tyngdepunkt. Det er ikkje kjent kor mange i Noreg som snakkar romani, men vi veit at det særleg blant yngre er lite kunnskap om språket.

Romanes er språket til romane. Språket høyrer til ei folkegruppe som kom til Noreg frå midten av 1800-talet, og det er ikkje påverka av norsk på same måte som romani. Det er ikkje kjent kor mange i Noreg som snakkar romanes. Dei fleste romane held til på det sentrale Austlandet. Romanes er eit levande talespråk med sterke, men små språkmiljø. Det er fleire ulike dialektar eller variantar av romanes i bruk i Noreg.

Både romani og romanes har opphav i det som i dag er India. Språka er med i den indoariske greina av den indoeuropeiske språkfamilien og er i slekt med mellom anna hindi og urdu. Romanes er i bruk over heile Europa, mens norsk og svensk romani er nære slektningar med kvarandre og blir brukte i Skandinavia.

Sjølv om minoritetane jødar og skogfinnar ikkje har levande språk, har dei mange levande kulturuttrykk, og mykje av det som står i denne rettleiaren, vil vere relevant også for desse gruppene.

Regelverk og rettar

Kva seier språklova om nasjonale minoritetsspråk?

Språklova paragraf 6 slår fast at nasjonale minoritetsspråk er likeverdige med norsk som språkleg og kulturelt uttrykk.

Språklova paragraf 1 seier at offentlege organ skal verne og fremje nasjonale minoritetsspråk. Eit offentlig organ må kunne gjere greie for korleis det handterer ansvaret sitt for nasjonale minoritetsspråk.

Det er språka som er verna gjennom språklova, og lova gjev derfor ingen konkrete rettar til einskildpersonar. Dei språklege rettane til brukarar av nasjonale minoritetsspråk er nedfelte i andre lover.


Les meir om rettane til brukarar av nasjonale minoritetsspråk på nettsidene til Språkrådet:

[Sprakradet.no/nasjonale-minoriteter](https://sprakradet.no/nasjonale-minoriteter)



Del 2:

Kommunale sektorar



- Legekontor og helsestasjonar
- Eldreomsorg
- Barnehage
- Grunnskule
- Vidaregåande opplæring og ungdom
- Bibliotek
- Kulturtilbod og miljø i kommunar med nasjonale minoritetar

Legekantor og helsestasjonar

Kven: legar, helsesjukepleiarar og andre tilsette


Kvar: helsestasjonar og legekantor

Barn kan allereie kort tid etter fødselen skilje mellom språk.

Norsk er hovudspråket og fellesspråket i Noreg, så det er viktig at alle kan det godt. Det er også viktig at foreldre og andre omsorgspersonar bruker «hjartespåket» sitt (til dømes kvensk, romanes eller romani) i kommunikasjon med barnet.

«Hjartespåket» kjem i tillegg til norsk, men trengjer det ikkje bort. Sjølv om foreldre og andre omsorgspersonar snakkar eit anna språk enn norsk med barnet, lærer barnet seg norsk på andre måtar.

Språka kvensk, romani og romanes er verna av artikkel 27 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, som seier at språklege minoritetar ikkje skal bli nekta å bruke sine eigne språk seg imellom. Dette inneber mellom anna at foreldre uhindra skal kunne snakke språket sitt med barna sine. Oppmodingar om å snakke norsk i staden for andre språk er derfor i strid med lova og faglege råd.



Modellkommunen

I ein modellkommune har helsestasjonen kunnskap om fleispråklegheit. Når foreldre møter til svangerskapskonsultasjon, snakkar dei med sjukepleiaren om alt fosteret får med seg i tida i magen til mora. Mellom anna snakkar dei om språk. Foreldre og andre omsorgspersonar blir oppmuntra til å snakke det språket som best skapar tryggleik hos barnet. Dei blir råda til å finne fram til andre i same situasjon. Kanskje det allereie finst høve til å skape små, lokale språkmiljø?

Noko å tenkje på

- Kva visuelle inntrykk møter folk når dei kjem til helsestasjonen i kommunen din?
- Kva for språk er representerte? Er nasjonale minoritetar synlege på nokon måte? Er det rom for endringar her?
- Får fleispråklege foreldre og andre omsorgspersonar støtte eller hjelp til å bruke språka sine saman med barna dei har omsorg for?
- Korleis får familiar med norskspråklege omsorgspersonar og barn som snakkar eit anna språk enn norsk, støtte?

Eldreomsorg

Kven: helsepersonell

Kvar: helsesenter, eldresenter og sjukeheimar

Blant eldre og tilsynelatande norskspråklege personar er det mange som har eit anna språk som sitt førstespråk, kanskje eit nasjonalt minoritetsspråk. Derfor er det særleg viktig at helsepersonell som jobbar med personar som har demens, kjenner til språksituasjonen til desse brukarane. Det kan vere ein god idé å lære seg noko om dei aktuelle språka, lytte til språkdøme og lære seg eit par enkle setningar, slik at personar med demens kan kjenne seg tryggare.

Modellkommunen

Ein modellkommune ser på kulturelt mangfald og fleirspråklegheit som ein styrke.

Dei tilsette i ein modellkommune er merksame på at nokon av brukarane kan vere del av ein nasjonal minoritet, og at det kan få konsekvensar for helsa til brukarane dersom det ikkje blir teke omsyn til den kulturelle bakgrunnen deira.

Kommunen har eit lite hefte for kvart av dei nasjonale minoritetsspråka til bruk i demensomsorga. I hefta er det enkle, kvardagslege uttrykk på dei aktuelle språka.

Noko å tenkje på

- Kva visuelle inntrykk møter folk når dei kjem til eldresenteret, seniorsenteret eller sjukeheimen?
- Kva språk er representerte der? Er nasjonale minoritetar synlege på nokon måte? Er det rom for endringar her?

Ein mogleg situasjon

Mor til Marit har fått ein demenssjukdom. Ho bur i nærleiken av Marit på ein sjukeheim sør i Noreg. Sjukeheimen er veldriven og har berre fagutdanna personale. Mor til Marit blir etter kvart dårlegare. Enkelte dagar uttrykkjer ho seg på måtar ingen forstår. Ho snakkar faktisk eitt av dei nasjonale minoritetsspråka i landet, men det skjønar korkje Marit eller personalet på sjukeheimen. Dei som arbeider på sjukeheimen, veit ikkje at det frå gamalt av har vorte snakka fleire språk i Noreg. Marit har lært berre norsk heime, og ho veit ikkje at mora eigentleg har eit anna morsmål. Mor til Marit blir frustrert når ho ikkje blir forstått. Ho synest jo at ho seier så tydeleg frå om at ho er svolten eller tørst, vil på do eller ikkje har lyst på mat. Folk rundt henne er rådville. Korleis kan dei gjere kvardagen trygg og god for henne?



Barnehage

Kven: barnehagetilsette

Kvar: barnehagar

Somme familiar er opne om kva for språk dei snakkar eller har tilknytning til. Andre ønskjer kanskje ikkje å fortelje om bakgrunnen sin. Dei kan ha minoritetskulturelle og minoritetsspråklege barn i barnehagen utan at dei er klar over det. Syt for at minoritetskulturelle og minoritetsspråklege aktivitetar (som songar, regler, leikar, forteljingar og formingsaktivitetar) blir tekne med i barnehagekvardagen.

I rammeplanen for barnehagar heiter det at fagområdet nærmiljø og samfunn skal omfatte mellom anna kjennskap til nasjonale minoritetar. Rammeplanen seier også at personalet skal medverke til at språkleg mangfald blir ein føremon for heile barnegruppa, og at dei skal støtte bruk av førstespråket for minoritetsspråklege barn.

Det kan vere svært sårbart for barn å bli framheva som del av ein minoritet, og det kan vere stor forskjell på å vere den einaste eller å vere i ei gruppe. Gå i alle tilfelle svært varsamt fram.

Modellkommunen

I ein modellkommune er dei barnehagetilsette medvitne om at dei er førebilete. Dei ser på kulturelt mangfald som ein styrke. Dei er klar over at vi alle ber med oss ulike kulturar og blir forma av dei. Kulturelt mangfald er ein naturleg del av kvardagen i barnehagen. Døme på det er songar, songleikar, rim og regler på ulike språk og forteljingar som er omsette til norsk. Dei føresette for barna blir tidleg informerte om dette.


Noko å tenkje på

- Kva for inntrykk av det fleirkulturelle og fleispråklege får folk når dei vitjar oppvekstsenteret og barnehagen?
- Kva for språk er representerte? Er nasjonale minoritetar synlege? Er det rom for endringar her?
- Kva kan barnehagetilsette om nasjonale minoritetar i Noreg? På kva måtar kan barnehagetilsette bruke kunnskap om nasjonale minoritetar i arbeidet? Veit ein kor mange av barna i barnehagen som har tilknytning til nasjonale minoritetar? Korleis blir barna oppmoda om å vise fram dette på ein trygg måte? Er denne tematikken teken opp med foreldre og andre omsorgspersonar?

Ein mogleg situasjon

Nikolai går i barnehagen. Han likar godt å høyre historier, og her ein dag hende det noko som han syntest var litt rart. Barna fekk høyre ei forteljing som han hadde høyrte frå bestemor, men forteljinga hennar var på det språket som ho snakkar, og det kan dei ikkje i barnehagen! Men namna var heilt like, sjølv om dei sa dei annleis i barnehagen.

Ingen av dei andre barna hadde høyrte forteljinga før. Nikolai håpa lenge å få høyre den same forteljinga igjen, for då ville han fortelje korleis han har høyrte henne. Ein dag fekk dei høyre forteljinga igjen, og då sa læraren til dei andre barna at Nikolai kunne forteljinga på eit anna språk. Så spurde læraren Nikolai kva ulven i forteljinga sa på det språket, og om han hadde lyst til å seie det. Det hadde han, og alle syntest det var kjempegøy! Og no vil alle barna lære å seie det same på språket til Nikolais bestemor.



Grunnskule

Kven: opplæringspersonell, avgjerdstakarar

Kvar: skular, oppvekstsenter

Alle fag kan innehalde noko om nasjonale minoritetar og om språket deira. Elevar synest ofte det er tøft å kunne einskildord eller tal på eit anna språk. Forteljingar frå nasjonale minoritetar kan brukast. I faga geografi, samfunnskunnskap og historie kan lærarar ta med historia til nasjonale minoritetar og urfolk i det aktuelle området. Det skal godt gjerast å finne område i Noreg utan fleirkulturell lokalhistorie. Stadnamn og topografiske namn (namn på elvar, fjell, lier og så vidare) kan knytast til dette. Det kan også hende at elevar har kunnskap som kan hentast fram. Men lærarar må vere varsame ettersom tematikken kan vere kjenslevar på grunn av forforskingspolitikken som fleire nasjonale minoritetar har kjent på kroppen.

Modellkommunen

I ein modellkommune er opplæringspersonell medvitne om at dei er førebilete. Dei ser på kulturelt mangfald som ein styrke. Kulturelt mangfald i ulike former er ein naturleg del av skulekvardagen. Dei føresette for elevane blir informerte tidleg om dette, og dei får høve til å komme med synspunkt på det.

Noko å tenkje på

- Kva kan skulepersonell om nasjonale minoritetar i Noreg? På kva måtar kan kunnskapen om nasjonale minoritetar brukast i arbeidet?
- Er det kjent kor mange av elevane som har ei eller anna tilknytning til nasjonale minoritetar?
- Korleis kan elevane oppmuntrast til å vise fram kunnskapane sine om dette på ein trygg måte? Har ein snakka om dette med foreldre, og veit ein i så fall om dei er positive til det?

Ein mogleg situasjon

Maria er tolv år. Ho kjenner ikkje til familiehistoria si, og ho har prøvd å spørje både foreldra og besteforeldra, men dei vil ikkje snakke om det. Maria har ei kjensle av at foreldra prøver å unngå å seie noko, og at dei avleier henne når ho stiller spørsmål om forfedrane sine. Ho synest det er spennande med gamle dagar og førestiller seg ofte at oldeforeldra hennar kanskje kom frå eit anna land. Tenk om dei snakka eit anna språk enn norsk? Kva klede brukte dei? Kva jobba dei med? Ho har så lyst til å vite alt mogleg om alle slags folk for å finne ut meir om bakgrunnen sin og kven ho sjølv er.



Vidaregåande opplæring og ungdom

Kven: opplæringspersonell, etatar med ansvar for oppvekst og kultur, avgjerdstakarar i fylket og kommunar i samarbeid

Kvar: stader for vidaregåande opplæring, inkludert fjernundervisning og andre stader for minoritetsspråkundervisning, arenaer for fritids- og kulturtilbod

Vidaregåande opplæring er ikkje kommunane sitt ansvar, men vi tek likevel opp temaet her, sidan det trengst kontinuitet i språkopplæringa og det kommunale kulturtilbodet for ungdom.

Identiteten blir forma i ungdomstida, også språkleg. Mange faktorar avgjer språkvalet til dei unge. Det kan vere utdanningstilbod, ambisjonar om utdanning og arbeid, ungdomskulturelle trendar og påverknad frå familie, vener og andre nettverk. Kommunen bør finne ut kva han kan gjere for å gje unge frå dei nasjonale minoritetane høve til å velje å bruke og utvikle språka sine.

Ordninga Den kulturelle skulesekken (DKS) er eit samarbeid mellom Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet og alle fylkeskommunane og kommunane i landet. Ordninga skal vere med på å styrkje det norske språket, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og det norske teiknspråket som grunnleggjande kulturberarar.

Opplæringa i kvensk eller finsk stoppar i praksis opp for dei aller fleste etter ungdomsskulen, sidan det ikkje finst nokon kontinuerleg og heilskapleg språkopplæringsplan for vidaregåande skule.



Modellkommunen

Ein modellkommune har organisert fritidstilbod for ungdom, og der gjer kommunen dei nasjonale minoritetsspråka synlege for ungdommane. Dette tilbodet er eit samarbeid mellom kommunen og fylket og elevane sjølve. Samarbeidet sikrar kommunikasjonen mellom elevar som bur i ulike kommunar, og mellom bustadkommunane til elevane og kommunane der dei går på vidaregåande skule. Fritidstilbod som gjer nasjonale minoritetsspråk synlege, har til dømes «språkplakatar» som heng på veggene der fritidstilboda finst, i idrettshallar, garderober, på kulturskular og så vidare. Det private næringslivet gjev tilskot til skilt på nasjonale minoritetsspråk ved treningssenter, kafear og andre stader der ungdom og unge vaksne ferdast, møtest og oppheld seg. Fritidstilbodet elles kan til dømes innehalde korte språkkurs med «språkpakker for kvardagslivet».

I vidaregåande skule syter lærarane for å knyte lokal kunnskap og kulturhistorie om nasjonale minoritetar og urfolk til regionale og globale forhold innanfor rammene og tematikken i ulike opplæringsprogram.

Kommunen bruker aktivt Den kulturelle skulesekken for å skape kulturtilbod med eller på nasjonale minoritetsspråk.


Den kommunale kulturskulen set opp framsyningar som tek for seg lokale, fleirkulturelle forhold. Kulturskulen samarbeider med språkmiljø om omsetjing av og uttalerettleing for tale- og songtekstar som blir brukte i framsyningar.

Noko å tenkje på

- Revitalisering av språk og andre kulturuttrykk til dei nasjonale minoritetane krev at dei unge bruker språket og tek del i kulturen. Kva kan hindre dei i å gjere det?
- Kva kan kommunen gjere for å vekke interessa til ungdommen for det nasjonale minoritetsspråket?

Ein mogleg situasjon

Heilt sidan han gjekk i barnehagen, har Vidar lært seg eit nasjonalt minoritetsspråk, som er eit av heimespråka i familien hans. No har han byrja på vidaregåande skule, og det er vanskeleg å halde språkkompetansen i heimespråket ved like, sidan han må gjere det utanom skulen. Det er ikkje nok tid til alt han skal rekke. På staden der han skal gå på skule og bu på hybel, eit det ikkje noko miljø der han kan møte og bruke heimespråket sitt. Han kan ikkje sjå nokon fordelar ved å ha lært det, med mindre han skulle satse på å bli lærar eller omsetjar. Det heile er ganske kjipt, synest han, og han er usikker på om det finst andre yrke der det kan vere ein fordel å kunne språket. Likevel vil han ikkje gje opp, og han prøver å finne motivasjon til å halde det gåande for seg sjølv. Han kjenner jo nokon andre som er på same nivå. Kanskje dei kunne møtast på sosiale medium?



Bibliotek

Kven: bibliotekarar, biblioteksjefar, etatar
med ansvar for oppvekst og kultur

Kvar: bibliotekfilialar

Oppgåva til folkebiblioteka er å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Kvar kommune skal ha eit bibliotektilbod.

Bibliotek har tradisjonelt vorte forbunde med boksamlingar. På kvensk finst det ein liten, men livskraftig litteratur. På romani og romanes er det gjeve ut heller få bøker i Noreg.

Dermed er det viktig at biblioteka ser på korleis dei kan gjere litteratur på og om dei nasjonale minoritetsspråka tilgjengelege. Til dømes er det gjeve ut mange bøker på romanes andre stader i Europa, og det bør biblioteket ha kjennskap til.

Det finst ei eiga kvensk bibliotekteneste i Noreg, og i Sverige er det eit ressursbibliotek for romanes.

Modellkommunen

I ein modellkommune har biblioteket materiale om og på kvensk, romani og romanes og kunnskap om kva materiale som er tilgjengeleg i andre bibliotek. I biblioteklokalet er det synleg informasjon om minoritetsspråka. Biblioteket er ein møtestad for folk som vil drive slektsgransking, språkopplæring og annan kulturaktivitet. På merkedagar og nasjonaldagar for dei nasjonale minoritetane har biblioteket markeringar av ulike slag. Biblioteket har kontakt med minoritetsspråklege organisasjonar og miljø.

Noko å tenkje på

- Veit biblioteket kva som er tilgjengeleg av materiale frå nasjonale minoritetar?
- Har biblioteket informasjon på minoritetsspråk?
- Kva for visuelle inntrykk får folk som vitjar biblioteket?



Kulturtilbod og miljø i kommunar med nasjonale minoritetar

På lengre sikt vil det i eit samfunnsøkonomisk perspektiv løne seg å fremje fleirspråklegheit. Særleg for språk som i Noreg historisk sett har vore diskriminerte, kan verdsetjing i form av synleggjering betre folkehelsa og styrkje tilhørsla lokalt. Korleis er fleirspråklegheita teken vare på, eller korleis kan ho takast vare på, i ulike sektorar i kommunen din?

Modellkommunen

Ein modellkommune har stadnamn, vegskilt og andre skilt på nasjonale minoritetsspråk på offentlege plassar. Han flaggar på merkedagar for nasjonale minoritetar.

Årlege innbyggjarundersøkingar inkluderer dei nasjonale minoritetane med spørsmål som «I kva grad blir nasjonale minoritetar tekne vare på i kommunen?» og «Kva kan gjerast betre?» Slik kan innbyggjarane seie frå anonymt til kommunen om dei ønskjer betring. Dette er særleg viktig når det dreier seg om sårbare tema.

Kommunen inkluderer nasjonale minoritetar og språket deira i planar som ein del av den heilskapelege utviklinga av kommunen, til dømes ved at representantar for minoritetane blir inviterte til å delta i råd (til dømes fleirkulturelle råd eller eldreråd).

Kommunen samarbeider med lokale museum, lag og foreiningar, til dømes historielag, turlag eller speidarar, om å gjere den fleirkulturelle historia i kommunen synleg. Det kan innebere at turstiar og stader blir skilta på nasjonale minoritetsspråk i tillegg til norsk og engelsk, og at det blir sett opp informasjonsplakatar på aktuelle stader i sentrum av kommunen og i naturen rundt.

Kommunen har invitert innbyggjarane til ei digital idémyldring om utsmykking av stader der folk ferdast. Innbyggjarane har fått ei kort innleiing om minoritetshistoria i kommunen, som er det ein ønskjer å vise fram i utsmykkinga. Innbyggjarane er inviterte til å føreslå både ulike typar utsmykking og eventuelt kven som skal utføre arbeidet.

Noko å tenkje på

- Tek det lokale kulturtilbodet høgde for at det kan vere innbyggjarar i kommunen med bakgrunn frå ein nasjonal minoritet? Kva med lokal kulturhistorie og kulturarv? Kva med taus kunnskap? Korleis er nasjonale minoritetar synlege i kulturtilbodet i kommunen?
- Er det aktuelt til dømes å skilte friluftsområde og turstiar i kommunen på eit nasjonalt minoritetsspråk? Er det på ein eller annan måte mogleg å gjere minoritetskultur eller minoritetsspråk til del av fritidstilbodet i kommunen?
- Korleis kjem medvitet i kommunen om nasjonale minoritetar til uttrykk i det offentlege rommet, både fysisk og digitalt? Er det noko som kan endrast her, i så fall kva og korleis?






Meir informasjon og fleire ressursar

Det finst ikkje mykje støttemateriell for synleggjering og bruk av nasjonale minoritetsspråk i ulike kommunale sektorar. Det vesle som finst, ligg spreidd på ulike offentlege nettstader. Noko er ikkje tilgjengeleg digitalt heller. Det materiellet som finst, er førebels lista opp i ei lenkjesamling på nettstaden til Språkrådet: sprakradet.no

Liste over merkedagar

27. januar	Internasjonal minnedag for ofra etter holocaust
6. februar	Nasjondagen til samane
16. mars	Kvenfolkets dag
8. april	Den internasjonale romdagen
26. april	Kvensk språkdag
4. mai	Tolvmannadagen (4. mai 1823)
21. juni	Dagen til skogfinnane
2. august	Minnedag for folkemordet på romfolket
9. august	Verdas urfolksdag
Første søndag i september	Europeisk jødisk kulturdag
26. september	Den europeiske språkdagen
29. september	Dagen til dei reisande
5. november	Den internasjonale romanispråk-dagen
26. november	Markering av deportasjonen av dei norske jødane



Språkrådet ●